




**Fjelltur til eit fantastisk utsiktspunkt, og til eit spanande geologisk område.**

A mountain hike to a fantastic viewpoint in a geologically exciting environment.



Siggjo.

Foto: Anders Stautland

### Rute og ymse av interesse

**Terrang:** Fjellsti - ein del bratte parti/tursko - jogglesko.  
**Tid:** Ca. 2 timar (1,8 km - høgdeskilnad ca. 300 meter)

Frå parkeringsplass følgjer ein godt merka sti, som går over i ein traktorveg. Følg traktorvegen oppover til skilt merka Siggjo, herfrå oppmerka sti mot toppen. Ta deg tid til nokre stopp undervegs, og nyt utsikta etter kvart som den opnar seg.

Frå Siggjo er det ei fantastisk utsikt i alle himmelretningar. Du vil kunna sjå heilt frå Lyderhorn ved Bergen til Haugesund. Følgefonna ligg i aust som eit glinsande kvitt teppe, og i vest kan du sjå utover storhavet så langt auga rekk. Ein kan sjå Bømlo med sine meir enn tusen øyar og skjergarden i heile Sunnhordland.

På toppen merka sti til rhyolittbrot. Her kan ein sjå spor etter fleire tusen år gammal steinbryting.

Rhyolitt-varianten som finst på Siggjo, er særmerkt og lett kjenneleg, med ein mørk grønligrøn botnfarge og lysare årer og spetter. Steinen vart broten frå fjellet med eld og vatn. Rhyolitten frå Siggjo var i bruk frå kring 4000 til kring 2000 år f.Kr. Det meste av Siggjo rhyolitten vart brukt i Hordaland og Nord-Rogaland, men funn er kjende så langt nord som til Kristi-

### Route and places of interest

**Terrain:** Mountain path - steep in places, walking shoes or joggers.

**Time:** About 2 hours (1.8 km, elevation approximately 300 metres).

Start at the car park on a well marked path, leading on to a tractor lane. Walk up the lane to the Siggjo signpost, hereafter the route is marked to the top. Take time out to stop and enjoy the expanding panorama as it opens up below you.

The view from Siggjo is breathtaking, a 360 degree panorama of sheer beauty. You will be able to see the Lyderhorn in Bergen to the north and down to Haugesund to the south. The Folgefonn Glacier, glistening like a shining silver mirror to the east, while the western view offers the North Sea in all her splendour. You will have an unforgettable view of Bømlo with its more than 1,000 islets and islands and the whole Sunnhordland coastline.

At the summit you will find a marked trail to the ancient rhyolite works. You can see evidence of stone workings dating back several thousand years. The rock is called rhyolite and the variant found at Siggjo is unique



ansund, aust til Bjørnesfjorden på Hardangervidda og sør til Lista og Lillesand.

Dette særmerkte råstoffet frå Bømlø, som var i bruk i nær 2000 år, gjev såleis verdfull kunnskap om samhandel og samkvem mellom landsdelane i steinalderen.

Dette området har stor verneverdi, så respekter dette og ta ikkje med stein herfrå.

Siggjo er eit kjært landemerke blant sjøfolk. «Utkikken rapporterte land i sikte. Det var Siggen på Bømmeløen». Roald Amundsen på polar-skuta «Fram» fekk på denne måten landkjenning med fedrelandet att. Siggjo har og vore jaktområde for kongelege falkefangarar.

#### **I lange, lange tider har Siggjo vore vermerke og ververslar:**

- Tek Siggjo på seg hatten, er det varsel om vatten
- Tek Siggjo på seg kåpa, på godver kan du ikkje håpa
- Tek Siggjo på seg beltet sitt, vert det sol men det skyar litt
- Står Siggo naken og klår, er det om godver ho spår

Segna fortel at Heilag Olav ein gong gøynde eit skrin med gull i Siggjo. Han sette det slik at sola skein inn gjennom nyklahelet klokka tolv Olsok-dagen, og då skein det i gullet lang veg. Denne gamle segna er ikkje så kjend i dag. Men før i tida har det kanskje vore meir enn ein som sleit og svetta på bøen eller ombord i fiskebåten, som ved middagsleite Olsok retta ryggen og sende eit lengselsfullt blick opp mot Siggjo i von om å sjå gullglimting ein eller annan stad i Siggjahadlene.

and easily identified with its dark green base colour and lighter veins and markings. The stone was mined from the mountain face using fire and water. Siggjo rhyolite was in use from 4,000 to 2,000 years BC. The majority of mined stone was used in Hordaland and North Rogaland, but finds have been made as far north as Kristiansund, at Bjørnesfjorden on the Hardangervidda to the east and as far south as Lista and Lillesand. This unique lava granite from Bømlø, in daily use for almost two thousand years, provides priceless knowledge on trade and community life in local stone age culture.

The area is protected. Please do not remove stones from the site as souvenirs.

Siggjo is one of the mountains best known to seafarers, a loved and familiar landmark. The lookout's cry of «Land Ho!» signalled Siggjo in sight. It was Roald Amundsen's first sighting of land when returning from his arctic expedition with the «Fram.» In the old days, royal falconers trapped the King's falcons here.

#### **Siggjo has forecast the local weather throughout the ages:**

Hat on tight? - wet weather tonight!

If she's wearing her coat - for good weather no hope

When a belt she is wearing - the weather is fairing

If she's naked and bright - there's good weather in sight

Legend has it that King Olav the Holy once hid a chest of gold on Siggjo. It is supposedly placed so that the sun shines through the key-hole at noon and reflects of the gold. Nowadays the legend is less well known, but in earlier times there were no doubt many who, while sweating their way through a hard days work in the fields or on a fishing boat, cast a longing glance at the mountain in the hope of catching a glimpse of the gold, shining in the midday sun somewhere on the slopes of the mountain.

---

#### **Hugs:**

*Grunneigarane har opna opp for turvegen, og alle som fylgjer veg og sti må forvalta denne invitasjonen på best mogeleg måte. Hugs og lat att grindar, ver var om dyr i marka, og far fint med naturen. Ver merksam på lokale reglar for bandtvang for hundar. Sjølv om fotturane er lagt godt tilrette og merka, kan det alltid vera noko som endrar seg, eller synest å mangla. Dei som har lagt turane tilrette, tar ikkje ansvar for skader eller anna som måtte skje under turen. Turen blir gjennomført på eige ansvar og risiko.*

#### **Remember:**

*The landowners have opened their land to visitors, and no-one using the roads or paths should abuse this invitation. Remember to close gates behind you, don't disturb or feed animals, and take care with nature. Dogs must be on a lead. Although the walks are well marked and prepared, things may change, or appear to be missing. Those responsible for laying out the walks do not accept any responsibility whatsoever for any injury or damage caused during any participation in any or all walks.*

Lagt tilrette og utgitt av Hordaland fylkeskommune i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga og Hordaland og Bergen Reiselivsråd.